

Fylkesveg 180 Fresvik - Vangsnes

Vegparti som må utbetrast for at strekninga Fresvik-Feios - Vangsnes skal bli rimeleg trygg å ferdast på

- 1) **Haukaneset – Lyngneset –Vidhammargilet**
Her trengst det ein kombinasjon av overbygg og tunnel, eller eventuelt ein tunnel på om lag 1,5 km for at strekninga skal bli trygg mot steinras. Fjellrensing og oppsetjing av fangnett må koma i gang så snart dette er praktisk mogeleg. Ifølgje fagfolk er det ynskjeleg med fangnett på ei strekning på 300 meter.
- 2) **Rassikringstunnelen ved Trettetungene bør utvidast med om lag 60 m i kvar ende, slik at tunnelprofilen tilfredsstillir vegnormalen. Då kan tunnelen bli permanent, og dermed erstatta to smale og lite oversiktlege overbygg som no blir nytta i sommarhalvåret.**
- 3) **Overbygget i indre Jarva bør sprengjast bort og erstattast med eit nytt som er lengre og breiare (same standard som i ytste Jarva).**
- 4) **Ramnabergtunnelen (1490 m) må vass- og frostsikrast. Det må bli mobildekning og radiosamband. Ved ei ulukke i tunnelen i dag er det uråd å få kontakt med omverda. Nytt vegdekke må koma på plass.**
- 5) **Rekkverk manglar mellom Løneset og Langaneset. Dette må koma på plass snarast.**
- 6) **Smale parti mellom Løneset og Galden (Viki) må utbetrast. Møteplassar må opparbeidast.**
- 7) **Feiostunnelen (772 m) må få mobildekning og radiosamband. Ved ei ulukke i tunnelen i dag er det uråd å få kontakt med omverda. Nytt vegdekke må koma på plass. Innkøyringa til tunnelen frå Feios-sida er utsett for steinras. Her må det snarast utgreiast kva slags sikring som er best eigna.**
- 8) **Møteplassar må opparbeidast mellom Risjuv og Vangsnes.**

Stadnamna ovanfor refererer seg til Vik Turlag sitt turkart som kom ut i 2016, og som byggjer på N50 kartdata frå Kartverket.

Fresvik i april 2019

Sverre Høgheim